Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

6

1

| | | | |
|---|---|---|---|
| Emnenr. | 2. | Fylke: | Hordaland |
| Tilleggsspørsmålnr. | | Herad: | Austevoll |
| Emne: | Transport av høy | Bygdelag: | Stolmen. |
| Oppskr. av: | J. Tufteland. | Gard: | Gåsnes |
| (adresse): | Stolmen. | G.nr. 18 | Br.nr. 8 + 9. |

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Etter eiga røynsle. 33 år. Stolmen. Lærar.

SVAR

1. Gardane er jamstore (frå 1 ku til 4 kyr). Nokre få gardar har hest. Arbeidsmåtane har brigda seg lite frå gamalt. Frå slåtteplass og til løa er det få stader meir enn 200 m. Her er ikkje utmarkslått – og har heller ikkje vore det.

2. Høyet vert bore anten på tog eller på staurar. Det nyslegne graset kallar me „jo" (ei). Det er berre joa me ber på staurar.x Her er ikkje skog. „Børsvoll, topp eller sloe" har me ikkje.



Toget kallar me „børatog" (eit). På børatoget er det ei „hægel" som endane vert dregne gjennom når det vert lagt om børa. Endane på toget kallar me fatlar (ein fatle).

x Ein mann har bruke trillebåre, og han tykkjer det er ein god måte her.



Hægla har to former:

1. 2.



Denne hægela er jamnast av brake.

Denne hægela er jamnast av ask.

Sume kallar hægela: „høvel".

Dei som ikkje har hest, ber alt turrhøyet inn på tog. Det vert sumla saman i dungar, og av desse dungane lagar ein fangjir og legg på toget.




Fangjene leggjer ein på toget eller ein regel som kvar ven seg til med. Kallar børa bakover på ryggen, seier ein at ho er „attekeik". Kjem hægela ned i nakken, er ho „hægel-i-hals".



Borna er med og sumlar høyet saman – eller dei set såter på ein teig med såtehøy i nærleiken. Han som seiser børa, står bakom. Ein sjeldan gong kan han stå framom og hale i fatlane. Brukar ikkje løypestreng. Mange har ei stor „håkipa". Etterråkaren ber ein vanleg inn i håkipa. Stutthøy og hå ber ein

6 og inn i kipa. Trillebår vert ~~[illegible]~~ nytta, men ~~kallas~~ ikkje „høylang".

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

2.

3. Höyet vert transportert berre om sumaren.

4. Ein brukar tohjulsvogn. Kallar henne „höyvogn" (ei) eller langkjerra. Ho er oml. 4 m. lang og 1 m. breid. Noko oppsvinga på endane. Skjerm over hjula.



Lasset vert lesst med höygaffel. Eit lass höy er oml. 6 börer (300-350 kg) Ei böra er 5-7 fengjer.

Tar ikkje noko merke av korleis det siste lasset er. Tek höyet vel til slutt. Fester lasset med tau: set det fast framme på vogna og surar det over höylasset bakover vogna. Brukar berre ein hest.

5. Transporten var den same ved fellesslått. Höyet vart delt i börer på turkeplassen. Dette var för utskiftningen (1918).

6. Her er ikkje noko å svara.

1/12.46 Johan Tufteland.

6 3



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING